

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Mars 2018



"Tonight we are all black!" - Gospelkonsert i Etne kyrkje

Framsida:

“Tonight we are all black!” sa Angela Primm.

Og litt farga kjende dei seg, alle som klappa og svingte med då det var Black Gospel i Etne kyrkje.

Angela Prim frå Nashville og hennar pianist Elsa Harris frå

Chicago gjesta ei fullsett Etne kyrkje.

Organist Solveig Sørheim hadde fått i stand prosjektkor, som over nokre veker i vår både hadde lært seg eige materiale, og likeeins øvd inn nokre av songane som Angela Primm framførte.

Det låt vel, og kalla fram smil og stor applaus, slik også både Primm og Harris gjorde med sine vakre stemmer og gode spel.

Kyrkeposten vert distribuert til alle buskydar i Etne og Skånevik. Bladet blir betrakta som offentleg informasjon og nærmiljøblad. Kyrkeposten er ikkje definert som uadressert reklame.

*Foto forside: Audny Aasheim,
Maiken-Christin Turlid og Jon Syvert Hjemdal*

Foto s. 3: www.epmistemisk.org

Bli lys!

Luk. 24,1-9

I det stille morgongry på den første påskemorgon, strakte Gud handa ut og heilt ned i grava der hans eige son var blitt lagd. Og Gud løfta den døde opp, velta vekk steinen som stengde for grava, og sa: Bli lys. Og det blei lys.

Frå augneblinken Jesus stod opp, har Guds triumferande ja blitt høyrd i vår verd med dei mange Nei - alle dei nei som er sagt av hat, synd, undertrykking og urettferd. For Gud vann over udåden frå langfredag, og hans ja reiste seg over krossen og menneskas ønske om å tvinge Gud til å teie fordi dei sjølv ville være Gud.

Når Jesus døydde, såg det faktisk ut som om Gud tapte. Ja visst, tenkte dei som krossfesta han, var Gud verkeleg på hans side, ville han då latt han døy på ein kross? No må alle forstå at Jesus frå Nasaret ikkje har noko som helst med Gud å gjere!

Men Gud svarte dei. Og frå påskemorgon kan Gud sitt ja til skaparverket bli høyrd over alle dei mange - av og til svake, av og til sterke - rop frå verda om nei, nei til Gud og nei til medmenneska. Men alle Nei skal teie ein gong, for Jesus stod opp og Gud sigra.

Lukas skriv om kvinnene ved grava: Dei visste ikkje kva dei skulle tru. Grava var tom, men dei visste slett ikkje kva dei skulle tru. Men med eitt stod det to englar hos dei og sa: Kvifor leiter de etter den levande blant dei døde?

Nei, vi vil ikkje søke den levande blant dei døde, ikkje meir.

Vi som bor i denne ufullkomne verda, kan elles undrast over oppstoda. Vi kjenner på døden alle vegne, i oss og rundt oss, ved sjukdom og død, sorg og tap.

Til og med det vi eig speglar kor forgjengeleg alt er. Alt vi eig treng vedlikehald, hus må målast og bile-
ne rustar. Død og forfall er rundt oss, og ettersom åra går, også i oss.

Dess større grunn til å juble over oppstoda! For Jesu oppstode er eit løfte om vår oppstode - ein



dag! Men sjølv medan vi dagleg slit og strevar med urett og urettferd og døden i verda, lever Jesus no med oss.

En prest fekk ein dag spørsmål frå nokre studentar: «Hei presten, kan du sei eit ord eller to om oppstoda frå dei døde?»

Men presten svara: «Nei, det vil eg ikkje diskutere det med folk som deg.»

«Kvifor ikkje?» Studentane blei overraska. Men presten svarte: «Se no på dykk sjølve, der de står. De er i livets vår, fylt av kraft og tru på framtida. De er sterke og friske, og har aldri kjent korkje på verkeleg svik eller sorg eller avmakt, ikkje på nederlag, uoverstigelege murar og dødelegheit. Kva veit vel de om den mørke verda som berre finn sann mening i nettopp dette: At Jesus Kristus har stått opp frå dei døde?»

Men i denne mørke verda er oppstoda Guds ja til deg:

Ja, Jesus lever!

Ja, det er noko meir enn grava, anten den er hans eller vår.

Ja, du har en frelser som går med deg gjennom denne verda med alt mørke ho har.

Og sjølv når ein gong alt er heilt, fullstendig mørkt, er det meg og deg, i vår død, som Gud vil strekke handa ut etter og løfte opp. Og Gud vil sei: Bli lys. Og det blir lys.



*Per Hjemdal
Sokneprest*

Gudstenesta – død tradisjon eller levande skattkiste?

«Gudstenesta er ganske kjedeleg, og det gir meg ikkje noko». Slike utsegner kan me av og til høyre. Eller: «Det er så lite rom for fridom og personleg preg». «Me blir liksom litt passive, og det er ikkje noko som riktig engasjerer»

For nokre er desse tankane og argumenta også ein del av motivasjonen for å danne eigne forsamlingar og kyrkjelydar. Ein ynskjer seg frie former og mindre binding til tradisjon og liturgi. Eg er ikkje utan forståing for desse tankar og behov. Særleg kan eg kjenne på det når det gjeld familiar med born. Dei vanlege gudstenestene våre er i liten grad tilrettelagt for born og unge. Og ikkje alle stader har ein fått til opplegg for borna parallelt med heile eller deler av gudstenesta*.

Difor vil eg dele nokre tankar om kva ei gudsteneste er, og kva er alternativet?

Ei gudsteneste er ei gjennomtenkt ordning for samvær om ord og sakrament. Den har røter attende til den første kristne tid, og den er sterkt og tydeleg forankra i den bibelske forteljing. Kvart einaste ledd og ord er sterkt og tydeleg knytt til bibelen, frå nådehelsinga i starten til den gamle velsigning på

slutten. I gudstenesta er me innom dei sentrale sanningane i den kristne tru: Vår erkjenning av eiga synd, vår trong for tilgjeving, vår takk til Gud for hans nåde osv. Me tek i mot gåvene frå Gud, og me prisar han for hans miskunn.

Vidare er det gjennom kyrkjeåret ei ordning som sikrar at me er innom mange tekstar og tema frå Bibelen. Og ikkje minst: gjennom salmane får me del i kristne sanningar tolka i ord og tonar. Salmane gir eit breitt og vidt tilfang av tema og utfordringar.

Det gjer at ein som søker gudstenesta kan få svært mykje med seg, også om preikedelen ikkje treff blink. Personleg kjenner eg og at eg blir involvert på ein god måte gjennom svara i liturgien, salmesongen, truedkjeninga osv. Me er ikkje passive tilhøyrar i ei gudsteneste, men aktive deltakarar.

Kva er så alternativet til det me kallar ei liturgisk form? Møteforma som mange av oss kjenner frå bedehuset kom til ut frå eit viktig ynskje om fleire si deltaking. Bedehustradisjonen har vore eit viktig korrektiv til embetsmakt og einsretting. Den har teke omsyn til orda frå Paulus: «**Når de kjem saman, har kvar av dykk noko å gjø. Den eine har ein salme, den andre eit ord til lærdom**». Og kan såleis vera eit godt supplement.

Det har og vakse fram andre møteformer som vert rekna for meir «frie». Eg trur at mykje av dette har kome til for betre å møte dei som er ukjende med den kristne tru og tradisjon. Den uformelle tonen og stilen kan vera viktig for at mange skal kjenne seg heime. Her har me noko å lære i Den norske kyrkja. Ulempene med desse sokalla frie for-



mene er at det er lite som sikrar at sentrale kristne sanningar stadig vert repetert, og at det er ei breidde i forkynning og formidling. Og desse formene hentar og sine modellar frå andre stader og tradisjonar. Dei tydelegaste førebileta er «talk-show» eller konserten.

Ja me treng nok andre samværs og møteformer enn gudstenesta, som supplement og ikkje som erstatning.

For meg er salmar, liturgiar og tradisjonar i kyrkja ei rik skattkiste, der sanningar frå bibelen vert repetert for meg. Der finn eg og erfaringar frå truande menneske gjennom hundreåra. For at desse skattane skal opne seg for oss treng me nok å undervise om dei og gå inn i dei med opne og søkjande sinn.

Ja, eg trur me har ei levande skattkiste !

Vel møtt til gudsteneste!



Reidar

*Ådnanes
sokneprest i Husnes og Holmedal*

* Merk at i Etne har vi søndagsskule med dyktige og engasjerte leiarar fleire gonger når det er vanleg høgmesse. Følg med på kunngjering i avisa!

Kyrkjeposten treng di støtte

Etne og Skånemark kyrkjelyder seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 112914, merk med
«Kyrkjeposten»

Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!



Den kristne fasten - en tid for stillhet



Foto: Caroline Roka

Fastetiden i vår kristne tradisjon varer fra askeonsdag, tre dager etter fastelavns søndag. I tidligere tider ble budet om å faste, det vil si avstå fra mat og drikke, tatt bokstavelig. Men utover 1700-tallet ble det ytre presset for å følge ulike fastetradisjoner mindre her i landet. I vår tid er fasten først og fremst en tid for stillhet og meditasjon, som forberedelse til påskehøytiden.

I vår protestantiske tradisjon er ikke faste så utbredt i dag. Men en moderne utgave av fasten kan likevel for mange bestå for eksempel i pause fra tv eller internett. For faste dreier seg ikke bare om å la være å spise, men om å rette oppmerksomheten mot Gud. Fastetiden er en tid for øvelse, – skjerpe sansene, lydhørheten, få øye på ditt eget liv, menneskene rundt deg, og Gud – opphavet til livet og den som frelser fra død til nytt liv. Fastetiden er en påminnelse om Jesus' 40 dager i ørkenen, hvor han tre ganger blir fristet av djevelen.



Den kristne fasten – en tid for å feste grepet

Fastetiden er som en slags vårrengjøring. Gjennom fastetiden blir lyset sterkere og dagene lengre. Under snøen forbereder naturen seg på at livet skal spire.

Fastetiden er en forberedelse til Jesu død og oppstandelse, som er grensesprengende og helt ubegripelig. Fasten er en tid for å gripe fast i det som er umistelig for troen.

For noen er dette en tid for å kople seg fra innarbeidede vaner. For andre er det å kople seg til det som er aller viktigst:

Gode Frelser, kan jeg tåle
kraften av en guddomsstråle,
å, så send den fra deg ned!
Tenn meg, at jeg må, jeg arme,
full av ånd og hellig varme,
kjenne all din kjærlighet!

*(Vers 5 i salmen "Naglet til et kors på jorden",
Norsk salmebok nr 171.)*

Slik kan vi faste

Det er flere måter å markere fastetiden på.

- Kirkens Nødhjelp har en fasteaksjon hvert år som fokuserer på hvordan vi kan bidra økonomisk til å forbedre andres levekår. Vi kan ha en fastebøsse i hjemmet som vi kan gi penger i. Gjør det konkret for barna, vis hva pengene er verdt.

- Du kan oppsøke ro og stillhet. Faste kan for eksempel bety å skru av radioen, TV, internett, musikk, – det som blir bakgrunnsstøy, for å komme inn på den bølgelengden der du forinner Guds stemme. Og kanskje oppdager du at det ut av stillheten fødes

ord som gir liv. Du inviteres til å leve for Guds ansikt i bønn!

- På Facebook arrangeres «Skjermfri uke» - kanskje det var en utfordring?
- Gi fasten ditt eget innhold! Sett deg et fasteforsett som sparer miljøet, helsen og lommeboka. Kanskje kan man gi en del av overskuddet til Kirkens Nødhjelps arbeid for en rettferdig verden. Her er noen eksempler:
- Shoppestopp
- Avhold fra alkohol
- Godtefri
- Mindre bruk av bil



Fastens dager

Fastelavn

Fastelavn faller alltid på søndag 49 dager (7 uker) før 1. påskedag. Blant tradisjoner som holdes levende er fastelavnsris og baking av fastelavnsboller. Tradisjonelt er fastelavn siste festdag for fastetiden.

Blåmandag

Blåmandag er dagen etter fastelavnssøndag. Opprinnelsen til ordet «blåmandag» har trolig sammenheng med at kirkens alter i middelalderen ble kledd i blått denne dagen. Stoff i fastens liturgiske farge, fiolett, var så kostbart at mange kirker i stedet brukte rimeligere blå farge for å markere skiftet fra fastelavn til fastens blåmandag.

Fetetirsdag

Fetetirsdag er dagen før fastetiden begynner. Siste dag før fasten skulle det tradisjonelt fylles opp med kraftig kost. Fetetirsdagen er en folkelig fest som ikke har noen plass i liturgiske kalendrer eller kirkeårsliturgier. Den er heller ikke del av fastetiden, selv om den har sin grunn i fasten som følger.

Askeonsdag

Tidlig i kirkens historie var det vanlig at grov synd krevde offentlig bot. Botsperioden startet onsdag før første søndag i fasten, ved at synderne kledde seg i botsklær og ble overstrødd med aske. Deretter ble de symbolsk drevet ut av kirken, slik Adam og Eva ble drevet ut av paradiset. De ble tatt opp igjen i fellesskapet på skjærtorsdag. Mye har skjedd med kirkens botspraksis siden den gang. Det skyldes det stigmatiserende i en slik botspraksis, men ikke minst at det i vår lutherske sammenheng er det blitt større forståelse av at vi alle trenger å gjøre bot hver dag, jf. Luthers lære om den daglige omvendelsen som dåpens fortsatte uttrykk.

Fastens søndager

I kirkene våre leses og prekes det over tekster som har sammenheng med fastens opprinnelse som en forberedelsestid for dem som skulle døpes påskenaatt. De skulle leve i faste og bønn i innføringsperioden, og skikken med faste og bønn ble etter hvert overtatt av hele kirken.

(www.kirken.no og Wikipedia)

Livets gang

ETNE

Døypte:

- 07.01 - Leander Stølås-Sævereid
- 11.02 - Alma Gjernes Gravelsæter
- 18.02 - Andreas Nervik
- 25.02 - Ella Vik Heggelund
- 25.02 - Tobias Seim
- 25.02 - Martin Opheim
- 04.03 - Vilde Grønstad

Gravlagde:

- 2017
- 19.12 - Arnfinn Tesdal
- 2018
- 26.01 - Solveig Lysholt
- 30.01 - Sverre Førund

Årsmøte

Både Skånevik og Etne sokn har halde årsmøte, og både stadene var det godt oppmøte og god stemning. Ingen kontroversielle saker, men utfordringar og gleder jamt fordelt. Her ser vi frå Skånevik der situasjonen med kyrkjetårnet som uroar, skjønt Fellesrådsleiar Reidar Leknes kunne melde at det blir igangsett reparasjon i år. Elles blir det montert brannvarslingsanlegg i kyrkja. Ei viss bekymring blei meldt på grunn av minka oppmøte på gudstenester, medan trusoppplærar Astrid Askeland Johnsen meldte om varierende deltaking på tiltaka i trusopp-læringsplanen.



Del dine opplevingar frå kyrkja med oss på Instagram

#etnekyrkja

#gladikirken

Trusopplæring for 6-åringar



Ein stor flokk flotte 5- og 6-åringar tok del på kyrkja sitt trusopplæringstilbod. I Skånevik deltok 11, medan det i Etne var 25 born som var med. Her frå kyrkjetoget i Etne, der 6-åringane mellom anna fekk høyre om det som skjedde den gongen Jesus innstifta nattverden. Når borna sjølv fekk smake på brødet og vinen som blir brukt i gudstenesta, var det brei semje om at kjeksen var grei nok, men vin var ikkje noko særleg!

Dåpsbarn

I førre nummer av Kyrkjeposten etterlyste vi ein eller fleire dåpskjoler til utlån frå kyrkjelyden. Responsen kom raskt, og difor kan vi med glede tilby utlån av kjole til dåpen. Den har allereie vært i bruk, då vesle Christian Sønning blei døpt i Skånevik kyrkje den 4. februar. Gratulerer til dåpsbarnet, og takk for den flotte dåpskjolen!



Livets gang SKÅNEVIK

Døyppte:

04.02 - Selma Svendsen Nedreskår

04.02 - Christian Sønning

11.03 - Lotte Matre Maage

Gravlagde:

2017

28.12 - Einar Kåre Lundal

29.12 - Johan Malvin Åsheim

2018

14.02 - Einar Hornenes

27.02 - Kjell Olav Sævareid

Gudstenestekalender

25. mars	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Harald Grønnevik
29. mars	19.00	Etne	Skjærtorsdagsgudsteneste med påskemåltid	Henry Nygård
30. mars	11.00	Grindheim	Pasjonsgudsteneste	Per Hjemdal
	18.00	Skånevik	Pasjonsgudsteneste	Per Hjemdal
31. mars	23.00	Stødle	Påskennattsmesse	Per Hjemdal
01. april	12.00	Etne	Høgtidsgudsteneste	Per Hjemdal
	12.00	Skånevik	Høgtidsgudsteneste	Harald Grønnevik
08. april	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
15. april	18.00	Skånevik	Samtalegudsteneste	Stein Ove Skadal
22. april	18.00	Etne	Samtalegudsteneste	Per Hjemdal
29. april	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
05. mai	11.00	Etne	Konfirmasjonsgudst.	Per Hjemdal
06. mai	11.00	Skånevik	Konfirmasjonsgudst.	Stein Ove Skadal
10. mai	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
12. mai	11.00	Etne	Konfirmasjonsgudst.	Per Hjemdal
13. mai	11.00	Fjæra	Konfirmasjonsgudst.	Stein Ove Skadal
17. mai	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal
	13.00	Fjæra	Familiegudsteneste	Stein Ove Skadal

REMA 1000



Etne Bilservice

Lundal
KVALITET SIDAN 1870

Takk til våre annonsørar!



Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord

Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



**ETNE
EL. LAG**

altibox

Bruk din lokale kraft- og breibandleverandør!



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:

Jørgen Hopland

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjevevjerje

Tlf. 960 16 864



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

41 12 65 49



Astrid Askeland Johnsen

Trusopplæringsmedarbeidar

90 20 74 21



Stein Ove Skadal

Sokneprest Skånevik

47 48 30 27



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

40 28 68 71

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

E-post: kyrkjeveja@etnekyrkja.no

Påskeaftan

I fylgje eldgamal tradisjon er påskenatta ei vakenatt for Herren, slik vi les i historia om den første påska i 2. Mos 12. Denne natta førebudd israelittane førebudde seg til utgongen frå Egypt, då dei blei fri frå slaveriet under farao.

Hos Lukas, i det 12. kapittel, byd Jesus oss vere vakne og vente hans atterkome. I pakt med evangeliet, ventar dei truande på sin Herre på påskenatta, med tende lys i hendene. Slik kan vi være budd til å møte ham ved hans bord.

Påskenattas gudsteneste blir kalla vigilie, som rett og slett tyder "å vake". Gudstenesta er rekna som ein av dei viktigaste og edlaste av alle høgtidelege gudstenester, heilt på linje med høgtidsgudstenestene på dei store festdagane, eller første- og andredagane. I Etne markerer vi høgtida og det glederike mysteriet ved blant anna å bruke liturgien til det fulle, slik at samspelet mellom liturg, organist og kyrkje-lyd blir endå meir synleg enn vanleg.



Påskenattsmessa er inndelt slik:

Etter at ljuset er bære inn og har blitt spreidd i heile kyrkja, syng ein påskelovsungen. Denne lovsongen heiter "Exultet" (= triumferande glede) og har røter attende til 300-talet.

Så høyrer vi Guds ord i tillit til hans løfter som fortel om dei store gjerningar

Gud har gjort for sitt folk like frå tidenes opphav. I det påskemorgen nærmar seg, blir dåpens sakrament markert, og i glede over vår oppstode saman med Kristus i dåpen, går kyrkjelyden til det bord som Herren ved sin død og oppstode har gjort klart for sitt folk.

Gudstenesta påskennatt skal ikkje byrje før natta faktisk har tatt til, og den skal være avslutta før dag gry påskemorgen. Slik blir gudstenesta, på linje med kvar søndagsgudsteneste, ein påskedagsfeiring til minne om Herrens sigerrike oppstode.

Vel møtt i Stødle kyrkje påskeaftan kl. 23.00!